

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Oppland.
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: V. Slidre.
 Emne: A R D O G P L O G ? Bygdelag: Øyebygde i Røn.
 Oppskr. av: G. Kirkevoll. Gard: Kirkevoll.
 (adresse): Jomfrubraatvn. 25, G.nr. 66 og 67 Br.nr. 2 og 3
 Bekkelagshøgda.
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, gartner 56 aar.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ard og plog er brukt i bygden.
2. Arden vart brukt til aa arda i eple (poteter) med, og til aa arda opp renner med naar ein sette poteter. Derimot ikkje brukt til aa arde aakeren med før saaing eller til aa mulle ned korn med. Det vart gjort med hery, eller paa mindre aakerlappar grev. Dei "pikka" det ned.
3. Arden vart brukt til aa hylpe med. Hylpeplog trur eg ikkje vart brukt. No er det vel ingen som brukar ard lenger, men hesthakke.
 Dei gamle ardane var skrale. Og dei som var flinke til aa dyrke poteter brukte mykje aa grava i poteto med grev. Det er fortalt um oldefar min (umlag 120 aar sidan) at han grov so mykje i epleaakeren um sumaren. Folk log gjerne aat honom. Men um hausten var det ingen som log til han.
 Det var ingen som fekk slike poteter ~~honom~~
4. Ardane eg huksar var nermast som fig. 3, men utan innstilling.
5. Kjenner ikkje slike typer av skjeker.
6. Draget til sledane heitte skjeker, men skokler til plog, ard og harv. Naar ein satte saman tvo hestar før plogen brukte ein hummul. Jarnklaven fraa hummulen og burt til plogen heitte nørk. Skaaklene til hestane var festa i kvar sin ende av hummulen som i midten var festa til plogen. Var den eine gampen ein unghest, fekk han lite lenger hummul enn

- 2 den andre (lengre vektstong).
7. Kjenner ikkje til. Trur neppe det var ymse typer av ardskjer paa sama garden.
8. Dei gamle ardane var ganske einfelde, og eg trur ikkje det var korkje øyror eller veltefjølur paa dei.
9. Det har eg ikkje høyrte.
10. Nokon regulering av djupleiken, var det ikkje-som vanleg.
11. Har ikkje sett desse typone eller variantar av dei. Arden var brukt til aa slaa opp rader til poteter, nepor, kaalrot og til hypping. Alder arding før saaingen. Arden hadde ikkje risstill. Ikkje veltefjølur.
12. Ardane vart laga paa gardane av bygdesmedane.
-
13. No blir sikkert brukt berre fabrikksmidde plogar. For 40-50 aar sidan var dei ein taa garden Veste i Røn som gjorde att og fram-ploga, som det heitte. Dei vart kalla Visteplogar. Han hadde verkstaden sin i Aurdal.
14. Har ikkje sett slike som fig. 8
15. Ikkje all jord la seg paa plogen (plogskjer og veltefjøl) For det meste var jordi so mykje sandblanda at no renska plogen. Men paa vaar eigedom var det ein aaker som jordi var so fin at no la seg paa plogen. Ein maatte rett som det var komme og grava jordi av skjeret og veltefjøli. Det vart gjort med foten. Paa eigedomen har det stonde kyrkje for ²⁰⁴ ~~184~~ aar sidan. Kyrkjegarden er enno i bruk. Far sa at jordi var innvigd og det var difor no hekk so fast ved plogen.
16. Plogen velta til den sida som veltefjøla var. Paa att og fram-plogane kunne ein snu veltefjøli so ein kunne pløge fram og attende.
17. Paa dei gamle vøllplogane slo dei ein lang kloss; for at ikkje plogaasen skulde slitast ut naar dei kjørde tomt attende. Veit ikkje um det var namn paa den.
18. Nei, vøllplogane velta berre til ei side. Att og fram-plogane til baae sidor.

Det var hjul som kunne stillast slik at ploegen gjekk djupar eller grunnar.

21. Ikkje som eg har greie paa.

22. Nei ingen sers slede vart brukt til det.

23. Den eldste plogtypa som eg huksar etter er type fig.11
 Me hadde to stykker liggande av desse. Dei gjorde forreisten veldig godt arbeid. Me hadde ein aaker inntil kyrkjegardsmuren som var so hard naar me skulde pløgje. Far tok so med seg ein av desse gamle plogane for aa prøve den. Og det synt seg at den gjekk betre og djupare en den Viste-ploegen me hadde. So dei var godt laga. Men med den gamle ploegen maatte ein kjøre tomt attende den eine vegen. Dette er umlag 43 aar sidan.

Um desse gamle plogane hadde noko namn, veit eg ikkje. Namn paa einskilde deler i ploegen var: plogaasen, risstill, veltefjøl og ploegnødne som ein styrde med.

Plog og ard var brukt til kvar sine ting. Ploegen vart brukt til aa pløgji med - arden til aa arda med.

Ard var uttala som ar, med lang a, stuttar og tjukk l.

Ard er hankjønn i bygdemaalet. - Ei elv i Vang, Valdres heitter Ala. Truleg gamalt namn.

5933